# Ikkje endring i fisketida

16.12.2011




Jone Rørheim og Sindre Aksnes - glade fiskarar etter ein fantastisk sesong

**Det er ikkje foreslått endring i fisketida i Uskedalselva neste sommar etter den fantastiske sesongen i år. Den enda med ein innrapportert mengde på 1314 kilo fisk og den største fisk var på 15 kilo. Det var riktignok ein hannfisk som vart fanga av foorskarar i haust.**

I Uskedalselva blir det altså som i år fiske frå 15. juni til 15. september.
hvis forslaget som no er sendt ut går igjennom.

Nyheiten om elvene i vårt område er  at Omvikdalselva blir opna att etter ureining. No er det iferd med å normalisera seg.
Det har sjøaurebestand og førekomst av laks, men ikkje eigen lakebestand i mosetnad til Uskedalselva.
Etter framlegget skal det no kunne fiskast i denne naboelva både etter laks og sjøaure frå 15. juli til 15. september.
Dette er den einaste føreslegne endringa for elvane i kommunen framfor neste sesong.

Dei nye fisketidene er sendt ut på høyring med 20. januar som frist.
Uttalar skal sendast til Fylkesmannen.

Av Ola Matti Mathisen